

Epistelgjerningane

Støvsugarposar på hjernen

Eg har kjensla av at det finst fleire ulike støvsugarposar, enn det finst typar støvsugarar.

Når eg skriv dette, har støvsugarposen vore full i over to veker. Er det ikkje berre til å skifta då, tenkjer du kanskje, men det er ikkje berre-berre, det. Eg har ikkje før vent meg til tanken om at Coop Extra har alt – ALT! – eg treng i denne verda, om det så gjeld klede til ungane, bryllaupsgåver eller hagemøblar til plattingen, når det viser seg at dette ikkje stemmer. Visst har dei støvsugarposar, men berre i éin storleik. På pakningen står det ramsa opp 14 ulike støvsugarar som posane passar til, men Miele s 4781 er ikkje blant dei.

Eg hugsar godt fyrste gongen eg skulle kjøpa støvsugarposar, kven gløymer vel den. Letta og nøgd over at eg framleis hugsar at eg trengte nye, vandra eg inn på Elholm'en. – Støvsugarposar, takk! Ho såg spørjande på meg. Kva merke og nummer var det til? Heilt tilfeldig visste eg at det var ein Miele – foreldra og bror min har lagt sin lit til merket forlengst, og klarar nesten ikkje seia namnet på ei kvitevare utan å leggja til at merket er Miele. "Eg har kjøpt ny vaskemaskin. Miele." Oppvaskmaskina vår vaskar så godt! Miele." "Kan du henta osten i kjøleskåpet? Miele." Likeins vert dei støtt overraska når noko som heiter Miele går i stykke. "Sviktar komfyren allereie? Og det er Miele?!"

Kjem eg nokon gong over ei Miele-anonse på Instagram om at dei søker ambassadørar, veit eg i alle fall kven eg skal tipsa om. Men kva nummer støvsugaren hadde, hadde eg ikkje bite meg merke i. Eg viste med nevane kor stor han var, sånn cirka, men det var til lite hjelp. No har eg gjort litt research, og inne på nettbutikken stovsugerposer.no (!) har dei posar til over nitti støvsugarmerke. Og då kjem dette nummeret i tillegg.

Dei siste to vekene har eg skrive ned nummeret (både på papir og på SMS), eg har lese

det høgt i det eg passerar støvsugaren og eg har ropt det etter mannen min i det han har gått ut døra om morgonen. Men enno ikkje har han hugsa å kjøpa med seg posar heim att. – Miele s 4781! 1! s 4781, kva er no det for eit namn? Det høyrer ut som ein iPhone-modell som kjem om kanskje 200 år. Å gje eit produkt eit slikt namn, kan ikkje løna seg – i alle fall ikkje for produsentane av støvsugarposar. Nummert har eg enno ikkje lært meg utanåt, og har mine tvil om at det nokon gong vil skje. Det siste nummeret eg brydde meg med å pugga, var personnummeret til eldste sonen min. Han yngste kan eg berre fødselsnummeret til, knapt nok dét. Det er vanskeleg nok å komma på at du treng nye støvsugarposar, om du ikkje skal hugsar på nummeret i tillegg.

Når mor er på besøk, plar ting å løysa seg. Ho var her sist helg, og hadde i kjent stil hunden Ronja med seg. Etter nokre dagar, følger mor på presset til å rydda opp etter dyret som etterlét seg svarte DNA-spor i kvart eit hushjørna. Ho plugga i støvsugaren, og fann snart ut av stoda. – Har du fleire støvsugarposar? spurde ho. – Nei, svara eg. – Har du gummihanskar? – Ja, svara eg.

Ho opna støvsugaren, tok ut den knallharde posen og grov ut innhaldet for hand oppi ein plastpose. Denne gjekk i søpla, medan den nedslanka støvsugarposen gjekk rett inn i apparatet igjen. På med power-knappen, og han saug som aldri før. Miele, altså.

No treng eg ikkje tenkja på nye posar på ei stund. Det er fire månader til jul, og eg skal klara meg med gummihanskar og gjenbruk av denne éine til dess. Så håpar eg den gåvemilde lesaren noterer seg kva eg ynskjer meg. Verst av alt, er at me i kjellaren har ein flunkande ny sentralstøvsugar. Den fekk me i gåve frå bror min for to år sidan, med ein laus lovnad om montering.

MLC

Kystsogehelig

på Bekkjarvik Gjestgiveri

FREDAG
Lunsjmeny frå kl 12-17
Middagsmeny frå kl 17-22
Kl 22: DJ Sunnyhill gjentar suksessen frå årets sommarkonsert og spelar igjen opp til dans i Paviljongen. CC: kr 100.

LAURDAG
Lunsjbuffet i Paviljongen frå kl 13-16
Middagsmeny frå kl 17-22
Kl 22: sjølvaste Tor Endresen spelar opp til dans i Paviljongen. Billett kr 400, kan kjøpast i resepsjonen.

SUNDAG
Heildagsmeny frå kl 12-21

Aldersgrense fredag og laurdag kveld: 20 år. For bordbestilling, ring 55 08 42 40 eller send mail til restaurant@bekkjarvikgjestgiveri.no

HJARTELG VELKOMMEN TIL OSS!



VELKOMMEN TIL
KYSTOGEHELIG
I BEKKJARVIK 18.-20. AUGUST

Bekkjarvik Torg

ÅPNINGSTIDER
kvardagar (08)10-19(21)
Laurdagar (09)10-16(20)



STØVSUGERPOSER	STØVSUGERE & TILBEHØR	KULLFILTER TIL VENTILATOR	HYTTEVARETILBEHØR	HJEM & FRITID	MOBIL & ELEKTRONIKK	LYSPÆRER	SÅLG
STØVSUGERPOSER A-B ADELBERG AEG AFK ALDES / AUPR ALTO ANDERSON AUXIX AURORA BAVARIA BEAM BESTRON BILTEMA BLACK & DECKER BOMANN BOSCH	STØVSUGERPOSER C-D CARREFOUR CENTRUM CENTURION CLAN ØHSON CLATRONIC CLEANBAG CLEANFIX CLEANTECH COLINE COLUMBUS COTEC DAEWOO DARENAS DIRT DEVIL	STØVSUGERPOSER E EASYCLEAN EKO EL GENNEL ELECTROLUX ELEKTRA ELSAM ELVITA EMERIO ETA EUREKA EUROLINE EUROPA STYLE EVERGLADES EXIDO	STØVSUGERPOSER F-G-H FASSET FILTERCLEAN FLEXIT FONSA GEBE GERMATIC GOBLIN GOLDSTAR GRUNDIG HUTCHI HOLLAND ELECTRO HOMELINE HOOVER HUGO	STØVSUGERPOSER I-J-K-L IDELINE IGLO IKRA INNOTE JALA KEW KIRBY KRUPS KÄRCHER LG LINEA LOGIK LUX	STØVSUGERPOSER M-N-O MATSUX MELISSA MEMORY MENALUX MENIETT MICROMAXX MIELE MOULINEX NETTO NORISK NO / NORDIC QUALITY NUMATIC OBH NORDICA		
STØVSUGERPOSER P-R PALAZZO PANASONIC PHILIPS POINT PROGRESS PUZER ROWENTA RUSSELL HOBBS	STØVSUGERPOSER S-T SAMSUNG SANVO SCANPART SENZ SEVERIN SIEMENS SKANTIC SOLAC SORMA STHL SWHL SYSTEMAIR TRISTAR	STØVSUGERPOSER U-V-W-Z-O UNITED UNIVERSAL VAK VELLAVENT VOLTA VOLTAGE VORWERKE WAIVES WILFA ZANUSSI ØSTBERG	ORIGINALA STØVSUGERPOSER AEG BEAM BOSCH ELECTROLUX FLEXIT FONSA KÄRCHER MIELE NORISK PHILIPS SIEMENS VILLAVENT VOLTA				

På nettsida stovsugerposer.no sel dei posar til over nitti ulike støvsugarmerke. Over nitti!